



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 01.11.22 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr, Kenneth Førde, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Ingunn Østerbo og Åge Østerbo på telefon.

Fråverande: vara Jon Nesheim

Ord for dagen : Geir las tekst for Allehelgensdag frå Hebrearbrevet og fortalde litt om St. Sunniva.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker :

- 24/22 Sissel informerte frå fellestrådet. Det vert arbeidd med dei ledige stillingane: kyrkjevevje, adm.sekretær på kyrkjekontoret, kyrkjelydspedagog og kyrkjetenarstilling i Bjordal.
- 25/22 Orientering om kyrkjelydspedagogstillinga og bruk av økonomiske midlar i trusopplæringa : Heike Muller har fått 50% stilling som kyrkjelydsarbeidar i 1 år, frå 1. jan 2023. Ho kan hjelpe litt med trusopplæringstiltak også i Lavik og på Sørsida.
- 26/22 Kyrkjemøtet sitt vedtak i organiseringssaka v/Geir. Det vart eit kompromissvedtak, fellestråda får eit stort ansvar med arbeidsgjevaransvar for alle tilsette.
- 27/22 Kenneth reiste med konfirmantane på festival til Gaular laurdag 29. oktober. Det var eit variert og fint opplegg. Takk til Kenneth.
- 28/22 Møte med biskop Halvor Nordhaug i Førde 27. okt. - Sissel var einaste som var med herifrå; det hadde vore kjekt.
- 29/22 Alle er velkomne til å melde seg på adventsfest på Alværa fredag 9. des.
- 30/22 Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 7. januar 2023. Tema: Å ta vare på skaparverket – Klima- og naturkrise. Påmelding.
- 31/22 Ingen søkjarar til kyrkjetenarstillinga i Bjordal. Norvald Bjordal må takkast i ei gudsteneste, vi tenkjer på ei gåve som kan høve til han. Joar hjelper fram til nyttår, noko som er til god hjelp. Vi lagar ein ny plakat om kyrkjetenarstillinga til oppslagstavla i Bjordal.
- 32/22 Geir Sørebo held fram i 60 % stilling i Lavik og på Sørsida til 1. juni. Han har også fått andre oppgåver, så storleiken på stillinga er ikkje fastsett enno. Ny utlysing av soknepreststillinga kjem før påske.

Sakliste

Sak 40/22 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 6. september.

Vedtak: Møteprotokoll frå 6. september vart godkjent.

Sak 41/22 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Andakt på Bygdetunet 14. sept. v/Geir – ca 7-8 personar kvar gong. Dei som arbeider på Bygdetunet er flinke å lage det fint til.
- Forum for tru og tanke på Osland Brygge 21. sept. – 10 personar. Fint opplegg, men skulle vore fleire frammøtte.
- Hausttakkefest på Massnes 25. sept. – 60 personar. Konfirmantane og fleire andre ungdommar hjelte til. Utdeling av bøker til born. Sal av middag, kaffi og kake. Utlodding med mange fine

- gevinstar. Vi var godt fornøgd med dagen!
- Opplegg for born på Alværa 1. okt. – Ole og Camilla med 3 born var med. Ca 40 – 50 personar samla totalt.
 - Andakt på Bygdetunet 19. oktober v/Geir - konfirmantane kunne ikkje vere med.
 - Gudsteneste med dåp i Bjordal 23. okt. - 50 personar. Fin gudsteneste. Joar var klokkar og kyrkjetenar. Vi må vere obs på mikrofon/ volumknapp – vart litt lavt bakerst i kyrkja. Greitt at fleire kan å stille det tekniske i tillegg til kyrkjetenaren. Vi hadde ikkje altarvin denne dagen, men det løyste seg ved at ein kyrkjegjengar tok med privat. Vi brukte intinksjon.
 - Forum for tru og tanke på Osland Brygge 26. okt. måtte avlysast p.g.a sjukdom. Opplegget vert flytta til 23. nov.
 - God helg v/Geir Sørebo vert lagt ut på nett kvar veke.

Sak 42/22 Julekonsert i Ortnevik 11. desember kl. 17.00

Lavik Kantori og Gerda Otterstein kjem. Anders Brekke, Trine Osland og Elena Søreide har sagt ja. Åge har hatt kontakt med Eldar Brekke og ungdommar. Det er viktig at det ikkje blir øvt på dei same songane. Åge tek kontakt med Kristin Myren om å lage plakat. Plakaten bør setjast opp tidleg. Kanskje vi skal ha annonse i Ytre Sogn, iallefall info på facebook.
Vedtak: Sissel og Åge har ansvar for den vidare planlegginga.

Sak 43/22 Stoff til neste Helgestunder

Sissel har vore på redaksjonsmøte. Vårt sokn har ansvar for Min julesalme. Info om julekonserten må med. Geir skriv litt historisk om juletefestane. Kvar av oss må vere flinke til å ta bilete ved aktuelle arrangement. Ingunn tek kontakt med leiar i Ikjefjord grendelag om juletefest 2. juledag. Geir kan eventuelt kontaktast.
Vedtak: Sissel sender stoff frå Sørsida innan fristen 11. nov. Ho tek også kontakt med kyrkjevevja om at Ingunn og Arne kan dele ut blada i Ikjefjord.

Sak 44/22 Gudstenesteplan fram til påske 2023

Geir delte ut oversikt over kalenderåret, og drøfta med soknerådet korleis gudstenestene kan bli fordelt fram til påske. Nærare planlegging i samarbeid med Andreas Ester og Gerda Otterstein.
Vedtak: Soknerådet tek til vitande den gudstenesteplanlegginga som blir gjort.

Sak 45/22 Offerliste og offerplan for 2023

Sak 45/21 Offerliste og offerplan for 2022.

Soknerådet vedtok same offerliste som for 2021:

Vedtak: Offerliste 2022 : Soknerådet vedtek desse offerformåla.

Vi prioriterer i denne rekkefylgja: Kirkens Nødhjelp, Alværa kyrkje- og misjonssenter, NMS/Mali, kyrkjelydsarbeidet, KFUK/KFUM Sogn og Fjordane krins, Helgestunder, Redd Barna og Sjømannskyrkja X 2. Ann Iren får ansvar for å setje opp offerformål til gudstenestene.

Utgangspunktet blir då 8 offerformål x 2 i kvar av kyrkjene. I Ortnevik med berre 6 forordna gudstenester i året, kan sjømannskyrkja gå ut.

Soknerådet vil ha offer til Alværa på konfirmasjonsdagen, og Kirkens Nødhjelp på julaftan. Dersom det er gudsteneste på tv- aksjonsdagen går offeret til dette formålet. Ann I. prøver å tilpasse offeret til søndagen.

Vedtak: Soknerådet vedtek same offerliste som for 2022.

Sak 46/22 Arrangement resten av 2022

Vedtak: Minnegudsteneste søndag 6. november - Kenneth set på varme laurdagen, Sissel er kyrkjevert.
Gudsteneste med dåp i Ortnevik laurdag 19. nov. kl.14.00 – Joar skaffar kyrkjevert. Viktig med plakat!
Adventverkstad for barn 22. nov. på Sørebo – Sissel, Mari – Ann, Thea E. og Ann I.
Forum for tru og tanke 23. november – 2. trusartikkel.
Lysmesse i Bjordal 4. des. kl. 18 – konfirmantane blir med og evt. andre ungdommar.
Gudstener julaftan – Sissel og eventuelt fleire er kyrkjevert i Bjordal.
Joar skaffar kyrkjevert i Ortnevik.

Viktig med gode avtalar om kven som set på varmen i kyrkja i Bjordal no når Joar er kyrkjetenarvikar.

Sak 47/22 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte blir tysdag 17. januar kl. 17 -19 i Gamlebanken

Sak 48/22 Val av leiar og nestleiar i soknerådet for 1 år.

Vedtak: Sissel vart attvalt som leiar og Joar som nestleiar i soknerådet for 1 år.

Eventuelt

Sak 49/22 Kyrkjevalet 2023.

Alt no må soknerådet byrje planlegginga av kyrkjevalet 11. sept. 2023.

Vedtak: Valteamet som skal jobbe med listeforslag m.m : Sissel, Joar og Ann Iren.
Kven som skal vere leiar for nominasjonskomiteen kjem vi tilbake til.
Joar er leiar for valstyret.

Desse tre reiser på valkurs i Førde 11. januar.

Soknerådet startar alt no å tenkje på aktuelle personar som kan spørjast.

Soknerådet vedtok å endre tal faste medlemmer frå 6 til 4. I tillegg må ein ha 3 varamedlemmer. Dette må opp på årsmøtet.

Sissel Sørebo
leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor